

**Tekster fra:**

# **LYSMANNEN**

**Tekst: Geirr Lystrup**

- 1. Vårherre dansar**
- 2. Tru på oss**
- 3. Ei salme om dagen**
- 4. Stadig nær**
- 5. Kvar dag**
- 6. Vatn for livet**
- 7. Sol over sol**
- 8. Halleluja og Amen**
- 9. En annen vår**
- 10. Sei frå**
- 11. Vårherres kino**
- 12. Ta meg på**
- 13. Klår sol**

## VÅR HERRE DANSAR

Den dagen Vår Herre dansar skal eg betre meg by han opp  
Fri for sjenans skal eg be om ein dans  
Med både sjel og kropp  
Og sanneleg trur eg han takkar ja til neste låt  
Då får eg ein sving så eg vimar i ring  
Mellom høge skratt og gråt

Dans med meg Herre Gud så godt som eg dansar med deg  
No får eg jo til - sei du deli til - vrangsnu og bakomsteg  
Dans med meg Herre Gud så godt som vi dansar i lag  
La svingomen gå - sei du deli gå - frå natt til lysan dag

Når dansen er dansa ferdig då skal eg kje vera sein  
Eg skal be han med opp for å ta seg ein kopp  
Og den skal vera rein  
Ja, då skal vi ha oss den praten eg lenge har venta på  
Om livet, især kor vrient det er  
Eg trur han vil forstå

Dans med meg Herre Gud...

Den dagen Vår Herre dansar er lenge til heromkring  
For nokon har sagt det er rimelig skakt  
Av Gud å danse swing  
Dei låser han inn i ei salme og meiner å ha'n i fred  
Men kom `n seg fri - o salige tid  
Fekk store under skje

Dans med meg Herre Gud...

## **TRU PÅ OSS**

Du skapte oss, Gud, til kjærleik  
Vi skapte den store vreden  
Bak krangel og kiv  
På død og på liv  
Der ber vi ei bøn for freden  
Og vi prøver å tru  
Og vi håpar at du  
Kan tru  
Kan tru på oss

Bak rykande grå ruiner  
Bak jævlige nye våpen  
Stig alltid ein song  
Din levande song  
Om aldri å miste håpet  
Og vi prøver...

Bak urett som skrik i mot oss  
Bak svolten som gneg i synet  
Der skimtar vi lys  
Ditt evige lys  
Som mørkret aldri kan tyne  
Og vi prøver...

Du skapte oss, Gud, til kjærleik  
Du gav oss ein frodig hage  
Men tida vår brenn  
Så hjelp oss med den  
Før klokka slår tolvte slaget  
Og vi prøver å tru  
Og vi håpar at du  
Kan tru  
Kan tru på oss

## **EI SALME OM DAGEN**

Ei salme om dagen det skulle vel gå  
For denne salmisten å skrive  
Så sjela fekk noko å bryne seg på  
Og heldt seg forsvarleg i live  
Ei salme om dagen som trosten ved gry  
Han har ikkje hang til å samle  
Kvar lovsong han jublar er flunkande ny  
Fordi han har glømt bort den gamle

Hør høvdingen frøgrana susar og syng  
Ho strør sine vers ut i dagen  
Der skogmusa pistrar og pip under lyng  
Ja, alt har ein diktar i magen  
Sjøl regnet mot steinen syng høgt trommelom  
Og under det skjelvande lauvet  
Spinn larven ei puppe og diktar seg om  
Til fivreld - eit syn for Guds au'e

Ei salme om dagen skal Skaparen ha  
Og blir det for smått på papiret  
Då klatrar eg berget og ropar hurra  
For alt som vil leve og spire  
Der fyller eg sjela med himmel og vind  
Og kviskrar med auene atte  
At gudskjelov har eg då høgsongen din  
Som du berre du kan forfatte

## STADIG NÆR

Du reiste venn, men reiste ikkje frå meg  
Stadig nær - stadig like nær  
For om eg blundar kan eg alltid sjå deg  
Stadig nær - stadig like nær  
Ditt gode smil, di trygge ro  
Dei kloke augo som forsto  
Her bles det kaldt, men varmen din er hjå meg  
Stadig nær - stadig like nær

Du fann ei hand langt tryggare enn hender  
Stadig nær - stadig like nær  
Du såg ei strand langt bortom våre strender  
Stadig nær - stadig like nær  
Du såg ei sol med klårar` glans  
Du høyrde song, ein annan dans  
Så skauv du ut den båt som aldri vender  
Stadig nær - stadig like nær

For stadig susar kongletunge graner  
Stadig nær - stadig like nær  
Vår såmann Vind er tru mot gamle vaner  
Stadig nær - stadig like nær  
Vår beste gran, du måtte ned  
Men sjå du gror i nye tre  
Det syng i frø som kjem frå gode aner  
Stadig nær - stadig like nær

## KVAR DAG

Kvar dag er ei strofe du aldri før har hørt  
- tiri lång tiri lång tiri lång frå Herrens fiolin  
Og om tonen er velkjent og går i gamal takt  
Kjem det stadig ei vending til som aldri før er sagt  
- tiri lång tiri lång tiri lång frå Herrens fiolin

Kvar dag er ein blomme du aldri før har sett  
- tiri lång tiri lång tiri lång frå Herrens blå palett  
For med sola til pensel og lerret høgt i luft  
Sjå no målar han livets tre i fargeprakt og duft  
- tiri lång tiri lång tiri lång frå Herren s blå palett

Av ord er du komen til jubel skal du bli  
- tiri lång tiri lång tiri lång i Herrens store dikt  
Det er reint det er friskt som eit evig kjeldevann  
Spring det natt spring det dag frå all verdas opphavsmann  
- tiri lång tiri lång tiri lång i Herrens store dikt

## VATN FOR LIVET

Med ein himmel av bomull og sølv  
Heiser Herren sitt segl over jorda  
Og når skuta hans duvar mot dag  
Stig ei sol som lanterne i masta  
Vi er sjøfolk med styrmanns bevis  
Vi har ansvaret sjøl for seilassen  
Og skuta og leia  
Har redaren gitt oss til låns

Denne skuta er bygd for ein storm  
Sjøl om vindane herjar i seglet  
Sjøl om bølgiene skurar og bryt  
Skin det alltid ei stjerne for baugen  
Det er stjerna som ingen kan sjå  
Før han opnar sitt innerste auge  
Ei stjerne i mørket  
Har redaren gitt oss til låns

Det skal piske i eling og sno  
Det skal brenne som salt uti synet  
Det skal kviskre som kyss over hud  
Svale lepper av regn under sola  
Det er drikken Vårherre vil by  
Den vi første gong smakte i dåpen  
Eit vatn for livet  
Har redaren gitt oss til låns

## **SOL OVER SOL**

Sol over sol må sige ned i hav  
Sol over sol må tenne ny dag i lia  
Di sol av kjærleik, Herre, natt som dag  
Strålar i mot oss heile tida

Stjerne bak stjerne er eit syn å sjå  
Tusen på tusen tindrar blåne bak blåne  
Hjelp oss å sjå den stjerna vi bur på  
Den du så raust let oss låne

Ord over ord får dale ned som støv  
Støv over støv som sakte stenger for øret  
Ditt ord er friskt som vatn, eg er døv  
Rens meg, å Herre, eg vil høre



## **HALLELUJA OG AMEN**

Halleluja blei pynta med brurelav og gull  
Halleluja  
Og på bringa skein sølja som sola underfull  
Då ho førtes av Faderen mot kyrkja

Halleluja, så fager ei brud har ingen sett  
Halleluja  
Ho var mest ikkje nedpå, ho trippa fram så lett  
For ho stunda mot brudgommen Herr Amen

Halleluja ja Halleluja  
Halleluja og Amen

Frami koret venta Amen i herlegdom og skrud  
Halleluja  
Og han tenkte på si Moder og han tenkte på sin Gud  
Å men mest tenkte Amen på brura

Halleluja ja Halleluja  
Halleluja og Amen

Og no brusa det i orgel og ut av himla vind  
Halleluja  
Dansa englar ned i skipet då brura stega inn  
For Herr Amen vidunderleg at skue

Halleluja ja Halleluja  
Halleluja og Amen

Så fekk brureparet knele for Herrens altarring  
Halleluja  
Og forlove kvarandre med ringar utpå fing  
Til den evige truskap og ære

Halleluja ja Halleluja  
Halleluja og Amen

## EN ANNEN VÅR

Gode svale, du blir aldri borte  
Du og sommerns glade vingeslag  
Her i hjertet har jeg reist en himmel  
Fly du, svale, hit en vinterdag

Fagre blomme, du som speiler blåna  
All din skjønnhet må gå vindens vei  
Aldri, blomme, skal du helt forsvinne  
Jeg har gjømt din kjærlighet hos meg

Himmel reiser seg bak himmel  
Der den store pendel slår  
Der det store hjerte synger  
Synger om en annen vår

Syng, mitt hjerte, aldri skel du tie  
Om du blekner, brister her til slutt  
Fly du bare mot det store hjertet  
Der alt livet evig springer ut

Himmel reiser seg bak himmel  
Der den store pendel slår  
Der det store hjerte synger  
Synger om en annen vår

## SEI FRÅ

Eg såg deg kanhende  
i auget til selen ein grønlander haka ombord  
Eg såg deg kanhende  
i tåra som skein hos ei lykkeleg bosnisk mor  
I bøn frå ein muhamedaner  
som kalla frå sin minaret  
I smilet til Dalai Lama  
på kne for sitt tapte Tibet

Du sto der kanhende  
igjen på perrongen då eg hoppa på eit tog  
Og glimtet i natta  
då vi strauk forbi var det lyset frå deg vi såg?  
Ja fåglarne veit eg har leita  
frå inn i mi mørkaste krå  
til ut i den kvitaste tåka  
av stjerner eit auge kan sjå

Sei frå  
Sei frå  
Sei frå om du reiser  
Sei frå  
Du veit at eg ventar  
Sei frå om du reiser - forbi ein gong

Du veit eg har sveitta  
med stein og med spade og nære på sliti meg ut  
Du veit eg har dansa  
i sving og i ring til eg svimra og låg som ein klut  
Og alt har eg gjort for å sjå deg  
og høyre det frå din munn  
At livet eg lever har del i  
Ditt evige gyldne sekund

Sei frå...

## VÅR HERRES KINO

I Vår Herres store kino der er månen maskinisten  
Foldar heile himlen ut til lerret før han høgt frå kvisten  
Sløkkjer lyset nedi salen og skrur lyden på  
Hald meg hardt i handa så eg tør å sjå

Snurr min film rundt og rundt  
Snurr min film  
Snurr min film  
Og la det vare  
Snurr min film for eg vil sjå  
Åssen i all verda dette her skal gå

Alt er skremmande naturleg, her er lyden overlegen  
Ekte latter ekte gråt, ja du kan tru det er din egen  
Her er tårene av tårer her er blod av blod  
Andre saker detta her enn video

Snurr min film...

Nei, Vår Herres store kino er nok ingen stad for pyser  
Den komedien vi bestilte liknar meir og meir ein gyser  
Det er like før du ropar: For eit sabla møl  
Før du skjønner alt: Du er jo skurken sjøl

Snurr min film...

Sjøl ein helt kan miste motet og du spør deg midt i filmen  
Kva dramatikaren heiter og kva produsenten vil me`n  
Medan månen svarar slik som maskinistar bør:  
Hald deg fast og stol på filmens regissør

Snurr min film...

## TA MEG PÅ

Ta meg på eg mista siste bussen  
Ta meg på for natta er så kald  
Heilt aleine står eg etter vegen  
Ta meg på du veit jo kvar eg skal

Ta meg på, du ser vel eg er sliten  
Eg er full av ståk og gamal fest  
No er dansen slutt, det er så stille  
Eg vil heim, så ta meg med mot vest

Ta meg på  
Ta meg på  
Det er så altfor langt og mørkt å gå  
Ta meg på  
Ta meg på  
Så eg når heim i natt

Bratt og svingat er det over fjellet  
Høge skred og botnlause gjel  
Men så trygg og stødig held du rattet  
Framom stupa i ei sjaber sjel

Ta meg på ...

Sjå dagen gryr og sola  
Siler mot meg i frå aust  
Og du, du kjører meg til døra  
Så rikeleg og raust

Ta meg på  
Ta meg på  
Det er så altfor langt og mørkt å gå  
Ta meg på  
Ta meg på  
Så eg når heim i natt

## **KLÅR SOL**

Klår sol di sol  
Sjømannens gode stjerne  
Losar oss ut når vi går frå kai  
Di klåre sol

Høg sjø din sjø  
Herjar og riv i båten  
Glitrar i glede og stampar i sorg  
Din høge sjø

Kvit strand di strand  
Lyser i sol bak stormen  
Veunderleg sliten kan båten min sjå  
Di kvite strand

Stø hand di hand  
Støare hand enn hender  
Held meg og lyfter meg leia fram  
Di gode hand